

22.januar 2020

## Referat – Årsmøte i Sveio Venstre for 2019

Årsmøte i Sveio Venstre vart gjennomført på Sveio kommunehus 21. januar 2020 klokka 19:00 til ca. 20:30. Leiar var ordstyrar.

### Oppmøtte:

Tor Røkenes, Andreas Kraaijeveld Enerstvedt, Ruth Vihovde Strand og Bernhard Endseth Nerland.

### Saksliste:

- Årsrekneskap
- Oppsummering av valkampen 2019
- Val av styremedlemmar
- Val av utsendingar til fylkesårsmøte
- Planar/aktivitetar i 2020
- Eventuelt

### Årsrekneskap

Tor Røkenes (kasserar) presenterte årsrekneskapet for 2019 (sjå vedlegg). Oppsummert har me hatt driftsinntekter på 7520 kroner, og kostadar på 13137 kroner. Hovuddelen av kostnadane har gått til valkampmateriell. Me har per d.d. 5536,16 kroner på konto.

Det vart kommentert at Bernhard E. Nerland (leiar) enno ikkje har fått tilgang til kontoen i Sparebanken Vest. Det vert sett som mål at det vert ei løysing på dette i løpet av 2020 sjølv om det har fungert heilt fint til no.

Tillegg: Føre valkampen vart det søkt om støtte frå Hordaland Venstre til opptrykking av valkampbrosjyre. Støtte på 2000 kroner vart innvilga, og ført i posten for driftsinntektar.

### Oppsummering av valkampen 2019

Det gjekk ikkje som forventa. Sveio Venstre fekk totalt 69 stemmar, og tapte den eine plassen me hadde i kommunestyret. Til samanlikning fekk me 99 stemmar ved førre kommunestyreval.

Grunnar til at lokalvalet gjekk dårleg er nok fleire. Nasjonalt «image» av Venstre har nok vore ein årsak, men det har nok òg vore fleire grunnar lokalt til det skuffande valresultatet. Om lag full utskifting av vallista (med unntak av Tor Røkenes) frå førre lokalval har nok vore éin faktor. Relativt ukjente namn på nemnte valliste har nok vore ein annan faktor. Få engasjerte folk og avgrensa økonomi (lite ressursar) har nok vore ein annan tydeleg faktor. Det er òg ei oppfatning om at profileringsmateriellet/-effektane som t.d. give-aways, godteri, Venstre-klede mv. var i overkant kostbart.

1.kandidat på vallista var Bernhard Endseth Nerland. Han fekk flest personstemmar (18 stykk). Leiar trekk fram at det vart særst positivt at Ruth Vihovde Strand, som sto på 5.plass



på vallista, fekk nest høgast personstemmetal med 12 stykk. Dette bør nominasjonsnemda føre neste lokalval ta til orientering.

#### Val av styremedlemmar

Styreverv vert valt for to år. Sitjande leiar og kasserar er høvesvis Bernhard Endseth Nerland og Tor Røkenes, og desse vart valt førre årsmøte. Verva som leiar og kassar er altså ikkje på val før årsmøte for 2020.

Nestleiar og skrivar for 2019 har vore Leif Sverre Haga. Det vart bestemt ved førre årsmøte at han mellombels skulle inneha desse to verva ut førre kommunestyreperiode, det er difor no trong for å fylje desse styreverva.

Det vart under årsmøtet stilt benkeforslag om Andreas Kraaijeveld Enerstvedt som skrivar. Den aktuelle kandidaten stilte seg positiv til dette, og vart valt inn ved akklamasjon.

Det vart òg stilt benkeforslag om Ruth Vihovde Strand som nestleiar. Den aktuelle kandidaten stilte seg positiv til dette, og vart valt inn ved akklamasjon.

Styret i Sveio Venstre får då følgjande samansetnad:

Leiar:	Bernhard Endseth Nerland
Nestleiar:	Ruth Vihovde Strand
Kasserar:	Tor Røkenes
Skrivar:	Andreas Kraaijeveld Enerstvedt

#### Val av utsendinga til fylkesårsmøte

Leiar orienterte om at fylkesårsmøtet i Vestland Venstre vert på Voss 8.-9. februar. Sveio Venstre har høve til å sende ein delegasjon på to delegatar.

Det vart førespurt om nokon av dei oppmøtte hadde lyst og høve til å representera Sveio Venstre ved fylkesårsmøtet. Ingen av dei oppmøtte, med unntak av leiar, hadde høve.

Det vart difor vedteke at Sveio Venstre sin delegat til fylkesårsmøtet i Vestland Venstre vert dermed Bernhard Endseth Nerland. Lokallaget dekkjer kostnadar knytt til reise og hotellopphald.

#### Planar/aktivitetar i 2020

Det vert lagt opp til at Sveio Venstre må vera synlege i denne perioden, sjølv om me ikkje er inne i kommunestyret. Er me synlege, så kan me auke rekruttering og oppslutnad.

Aktuelle tiltak for å vera meir synleg kan t.d. vera: etablera snapchat-konto for Sveio Venstre (som skrivar kan administrera), kontakta Ungdomsrådet og høyre om moglegheiter til arrangement med Unge Venstre Haugalandet (kontaktperson i UV er Monica Tindeland) eller liknande, vera synleg i «konvensjonelle media» i tillegg til i sosiale media når det kjem til fronting av politiske gjennomslag og standpunkt/meiningar ev. lokale sakar (som t.d. busstilbod mellom Sveio og Haugesund, areal til cross-køyring).

Det vert lagt opp til eit sumararrangement med god mat og drikke. Førebels dato vert 12. juni. Arrangementet vert lagt opp til å inkludera følgje. Tor Røkenes vart førespurt om å stå som arrangør/organisator, og det takka han ja til.



## Eventuelt

Leiar innleia årsmøtet med å ta opp ein hastesak. Leiar av interimstyret i Vestland Venstre, Alfred Bjørlo, har teke kontakt med alle lokallag for å be om innspel til Venstre sentralt i samband med den nye regjeringssituasjonen som nyleg har oppstått (FrP har gått ut av Regjeringa). Han ber om ev. innspel om følgjande tema:

- Personar frå Vestland Venstre me vil spela inn som moglege Statsrådar/Statssekretærar/Politiske rådgjevarar
- Innspel om departement Venstre bør prioritera
- Viktige politiske sakar Venstre bør byggje profil på i ei ny sentrum/Høgre-regjering (gjeldande regjeringsplattform vert ikkje reforhandla)

Innspel knytt til desse tema måtte vera han i hende seinast 22. januar klokka 21:00.

Sveio Venstre gav følgjande innspel: «Me vil spela inn Gunnhild Berge Stang som mogleg statssekretær eller statsråd. Fiskeri- og sjømatministerposten er veldig interessant i samband med dette. Elles er Erlend i Bergen (Red: Erlend Horn) aktuell som statssekretær eller minister. Sveinung Rotevatn burde absolutt få ein ministerpost, men me er usikker på kva departement denne burde vera i. Venstre har tradisjonelt vore glad i landbruksministerposten, men det spørers om KrF vil gje frå seg denne.»

Det vart ikkje teke opp fleire eventuelt-sakar.

Årsmøtet vart heva ca. 20:30.

For Styret.

**SVEIO VENSTRE**

	2019	2018
<b>Tekst</b>	<b>Hittil i år</b>	<b>Hittil i fjor</b>
Driftsinntekter	7519,94	
Renteinntekt	5	
<b>Sum inntekter</b>	<b>7524,94</b>	
<b>Kostnader</b>		
Valmaterial	12325,25	
Gaver	796	
Gebyr	15,75	
<b>Sum kostnader</b>	<b>13137</b>	
<b>Resultat</b>	<b>-5612,06</b>	
<b>Balanse</b>		
Bankinnskudd	5536,16	11148,22
Egenkapital	5536,16	11148,22

---

Tor Røkenes